



DELPROSJEKT / KOMITÉ FOR KULTURBYGGING OG VERDIAR

REFERAT

Dato: Onsdag 7.mars 2018 kl.8.30-11.00

Stad: Skodje rådhus

Til stades: Lars Marius Rindal, Tore Johan Øvstebø, Ewa Hildre, Hildegard Maier, Tone Gandrudbakken, Hilde Sørdal, Geir Peter Aure, Dag Olav Tennfjord, Anne Bente Skjellum, Malin Piegsa (referent).

Fråfall: Kathrin Pernille Beite, Ingvild Vartdal, Lindis Dalebø.

Saker:

1. **Sakliste** og innkalling blir godkjent, med unntak om sak om etiske retningslinjer som ein vil ta for seg på neste møte 4.april grunnet tidsmangel i dag.
2. **Gjennomgang** av overordna framdriftsplan knytt til resultatmål i mandat. Føreslåtte tiltak i møte i spetmeber 2017 og i ros-analysen må takast inn i det konkrete arbeidet i arbeidsgruppene. Sjå excel-ark i prosjektportalen.
3. **Verdiprosessen.** Ein ventar på å få vite kor tid det blir fagsamlingar der verdidebatt med blink kan gjennomførast, slik at innhenting av føreslåtte verdiar kan fortsette. Erfaringa så langt tilseier at vi trenger å sette av nok tid til gjennomføringa og sikre at gruppa får nok teoretisk forankring og tid til å forstå målet og verktøyet i forkant. Ein ser også at det er ein suksessfaktor at medlemmar i kulturgruppa leder prosessen på felles møter, at verdispørsmåla (korta) er konkrete og spisset for aktuell gruppe. Verdigruppa vil no ferdigstille «material- og instruksjonspakken» og avklarar korleis verdiane skal meldast tilbake til arbeidsgruppa. Når pakken er ferdigutarbeida er det en fordel om opplegget gjennomføres innanfor eit avgrensa tidspunkt i dei ulike kommunane. Då vil ein gjennomføre prosessen i kommunestyrene og på felles leiarsamlingar, og deretter kan verktøyet takast i bruk i einingane i dei fem kommunane. Verdigruppa vil også legge fram ein plan for korleis ein i etterkant vil bearbeide innspela, utarbeide verdiplakat og implementere verdiane.

4. **Kulturbygging / innbyggjarar.** Arbeidsgruppa mangler fortsatt representantar frå Skodje og Ålesund i gruppa. Forslag til mandat blir lagt fram og drøftet. Det finnes mange gode forslag til tiltak og arrangement som kan bidra til kulturbygginga, men arbeidsgruppa skal legge til rette for arrangement i større grad enn å gjennomføre. Innhaldet i gruppa sitt arbeid må i større grad drøftast når medlemmane er på plass. Det vil vere ein fordel at medlemmane i gruppa har eit nettverk som dei kan bruke og spele på. Det blir vist til Molde kommune sine «bli-kjent-midler» og demokratiprojektet sine planar om å gjennomføre folkemøter som også vil kunne samordnast med kulturbygging-tiltak. Ein ser også muligheten i å kunne legge til rette for felles markeringar framover. Det er også tenkt snarleg oppstart av arbeidet innanfor tenesteområdet kultur i nye Ålesund, og her bør det vere eit samarbeid. Malin informerer prosjektledelsen om arbeidsgruppa vår og vil invitere kultursjefane i dei fem kommunane om å delta på neste møte i april, før ein går vidare.
5. **Kultur og språk.** Korleis kan vi løfte dette fram i nye Ålesund? Møte med delprosjektleiarane? Sette fokus på dette i ei artikkel, eit kåseri, i magasinet som delprosjekt kommunikasjon arbeider med?
6. **Vegen vidare:**
- Malin vil drøfte moglegheita for ei lage ei felles samling 6.juni med prosjektleiar. Kulturgruppa har spurt Henrik Kyse, som tilfeldigvis er i Ålesund og kan bidra med eit foredrag i temaet etikk denne dagen. Dette ville kunne vere ein del av det å utarbeide felles etiske retningslinjer for nye Ålesund.
 - Malin tek kontakt med kultursjefane om arbeidsgruppa «kulturbygging innbyggjarar» etter å ha avklart dette med prosjektleiar.
 - Saker til neste møte på Sandøy 4.april:
 - o Presentasjon verdigruppa sin materialpakke m.m (Hilde, Ingvild og Tore Johan førebur)
 - o Korleis samarbeidar vi med kultursjefane om temaet kulturbygging for innbyggjarar? (Malin inviterer, Hildegard og Tone førebur arbeidsmetode)
 - o presentasjon av gjeldande etiske retningslinjer og arbeidet med nye (Tore Johan førebur dette)
 - o Oppstart - tankemyldring om ei rapport om kulturen vi ønskjer...kva, korleis, kor tid (Malin førebur arbeidsmetode)